

På grunn av hyppige endringar i reglar for smittevern er det vanskeleg å kommunisere gudstenester og arrangement lang tid i førevegen i Byklaren. Kirkja vil i staden for å kommunisere arrangement i Byklaren bruke eiga heimeside, facebookside og Setesdølen inntil vidare.

Det kan vere aktuelt med påmelding til gudstenester og arrangement via www.bykle.kyrkja.no

Dette vurderast fortløpende. Følg difor gjerne med på facebook, heimeside og Setesdølen

Det vert bibeltimar med Hans Bergane

i Kyrkjekjellaren måndag 8.-10.mars. Første timen startar kl. 19.00 og den andre kl. 20.15. Tema er Jakobs brev.

Møta kan bli avlyste på kort varsel grunna Covid19-restriksjonar.

Arr. Sarepta



SHADOW

BYKLE-HOVDEN FRITIDSKLUBB

JR. KLUBB (5. - 7. TRINN) 17:30 - 20:00
BYKLE ONS 03.03 / HOVDEN ONS 17.03

KLUBB (8. - 12. TRINN) 19:00 - 22:00
BYKLE FRE 05.03 / HOVDEN FRE 19.03

MED FORBEHOLD OM
ENDRINGER

VENNLEG HESLING IDA OLSEN-SUND, EAGLEJAR UNGDOM
OG KULTUR M: 95823738

Pasjonskonsert

Palmesundag 28. mars kl. 19.00

Bykle kyrkje

Billetter 200 kr. Gratis u/18 år.

Program: arier fra bl.a. Matteus- og Johannes-pasjonane til J.S. Bach, kombinert med instrumentalmusikk av bl.a. Händel, Vivaldi, Massenet og Samuel Barber.

Songsolistar: Ingrid Vetlesen, sopran, og Brynjar Onsøien, bass.

Scandinavian Chamber Soloists frå Kristiansand.

Billettar kan berre kjøpast i døra. Betaling: helst med Vipps, alternativt kontant. Det er ikkje påmelding. Plass til ca. 100 personar. Kom gjerne i god tid!

Arr. Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Meiropent bibliotek

Minner om meiropent bibliotek frå 16 år. Her får du tilgang til biblioteket mellom kl. 7 og 23 alle dagar.

For spørsmål ta kontakt med biblioteket i Bykle:
Telefon 476 85 262.

Ungdom og Kultur

Vi jobbar med å få i stand bruk av kulturhusa til sjølv-organisert aktivitet for ungdom frå 10 og 13 år. Aldersgrensa er pr i dag 18. år. Nye avtaler for booking av lokalar på Hovden grendehus og Bykle samfunnshus for ungdom skal komme på plass i løpet av våren. Info kjem når alt er på plass.

Til alle våre lokale ungdommar som går på videregåande skule i andre kommunar!

Vi saknar dykk på klubben! Det er svært tungt å ikkje ha moglegheit til å invitere dykk til ungdomsklubb i Bykle. Vi kryssar fingre og ser fram til at samfunnet nasjonalt og lokalt opnar opp for dette. Vi følgjer kontinuerleg med og kontaktar dykk så sant det blir mogleg igjen.

Dette ser vi alle frem til! Vi tenker på dykk!

Juniorklubb

Vi ser også frem til at klubben for mellomtrinnet Bykle og Hovden kan ha juniorklubb saman igjen. Foreløpig har vi ikkje fått klarsignal til å kunne gjøre dette. Vi håpar at det kan komme på plass i løpet av våren. Nå har det straks gått eit heilt år utan av vi har fått samle elevar ved Bykle og Hovden til felles klubb. Den flotte ungdommen vår treng kvarandre og gode sosiale møtestadar.

Kontaktinfo: Ida Olsen-Sund,
E: [ida.olsen-sund@bykle.kommune.no](mailto:id.a.olsen-sund@bykle.kommune.no). M: 95823738



Følg Bykle kommune på
facebook

Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

Mars 2021 32. ÅRGANG | OPPLAG 520



Innkalling til Årsmøte i Bykle Folkeakademi!

Tid og Stad:

Hovden Fjellstoge
Torsdag 18. mars klokka 18.00

Vanlege årsmøtesaker. Innmelde saker må vere styret v/Randi Steinsholt i hende innan torsdag 4. mars. Matservering!

Velkommen! Helsing Styret

Kulturstøtte

Lokale lag og organisasjoner i Bykle kommune må hugse å søkje kulturstøtte **frist 1. april**:

Kulturmiddlar: Gjeld drift, arrangement, investering, vedlikehald.

LIM midlar: Gjeld aktivitet og arrangement særleg retta mot likestilling, inkludering og mangfold

Retningslinjer, informasjon og søkerdokument finn du på kommunens heimeside under kultur og fritid, tilskotsordningar.

www.bykle.kommune.no/tilskotsordningar-kultur



Frivilligcentralen

Kultur og fritidstilbodet skal byggja på stor grad av frivillig innsats der kommunen stimulerer dette aktivt gjennom målretta bruk av ressursane. Frivilligcentralen er kultur sitt bindeledd til dette. Pr i dag er frivilligcentralen mest engasjert i Bykle, men skal også vere tilgjengeleg for samarbeid på Hovden.

Frivilligcentralen held fram med lørdagskino på Bykle samfunnshus.

Har du spørsmål som gjeld treningsrom i Bykle kan du ta kontakt med frivilligcentralen som har samarbeid med Bykle IL.

Velkommen!

Kontaktinfo: Merete T. Egeland
E: merete.egeland@bykle.kommune.no M: 941 75 773

Møte mellom mennesker

 **Bygdekinoen**
www.bdgdekinoen.no

Hovden grendehus:

Tysdag 09.03
Kl. 17:30: Bien Maja og det gylne egg
Kl. 19:30 : The Marksman

Bykle samfunnshus:

Bygdekinoen kjem laurdag 20.03 17:30 og 19:30, men filmane er ikkje valde ennå.



Grå dunk= Restavfall
Brun dunk = Matavfall

Grøn dunk= Papir
Plastsekk = Plast

= Glas/Metall

Tømekalender

Restavfall: 10.03, 07.04

Matavfall: 10.03, 24.03, 07.04

Glas/metall, papir og plast: 24.03

Gjenvinningssasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

E-post: post@smg-iks.no www.smg-iks.no. Tlf. 37 93 17 00



www.bykle.kommune.no

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunnjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilet til: byklaren@bykle.kommune.no før 20.03 for aprilutgåva. (På grunn av påska vert ikkje aprilutgåva levert før 7-8.april)

Politiske møter i mars

Planutvalet: 08.03 Formannskapet: 09.03 Ungdomsrådet 16.03 Levekårsutvalet 17.03 Kommunestyret 25.03
Saksdokument vart lagt ut ei veke før på heimesida under «INNSYN»

Sommarjobb - skuleelevar/studentar

Sommarjobb for skuleelevar/studentar med fast bustadsadresse i Bykle kommune i tidsrommet 21.6. - 13.8.21.

Aktuelle søkjarar blir tekne inn etter alder og kommunen sitt behov for arbeidskraft. Ordninga gjeld for elevar/studentar som har gjenge på skule eller studert på heiltid seiste halvår. Skuleelevar kan søkje frå dei er ferdige med 10. trinn. Det er ingen jobbgaranti.

Bykle kommune treng sommarvikarar innan desse områda:
* Teknisk drift og eigedom Bykle og Hovden (grøntanlegg, vedlikehaldsoppgåver inne / ute, reinhald)
* SFO Bykle og Hovden (over 18 år og helst med sertifikat).

Søknadsfrist: 15.03.2021

Digital søknadskjema finn du via kommunens heimeside under ledige stillingar.

Arbeidsoppgåver:

Vedlikehaldsoppgåver ute og inne, teknisk drift og eigedom

Ulike aktivitetar med ungane , SFO

Kvalifikasjonar:

Du må vere ferdig med 10. klasse og ha fast bustadsadresse i Bykle kommune

Personlege eigenskapar:

Punktleg, ansvarfull og påliteleg

Vi tilbyr løn etter tariff

For å arbeide i SFO er det krav om godkjent politiattest.

Søkjarar til SFO må vere over 18 år, men det er ikkje eit absolutt krav. SFO er stengd i veke 29 og 30.

Søkjarane må skrive i søknaden når tid dei ønskjer å arbeide og prioritert arbeidsområde.

Arbeidsperioden må vere samanhengande.

Spørsmål kan stillast til Liv Hilde Holm tlf 90610215



Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no

Frå legekontoret

Fastlege Liv Inger Varsi har gått ut i permisjon — Huzaifa Madlani er vikar. 1.mars får vi ny LIS1 lege (turnuslege) Erik Nesset. Han skal vere her fram til 1.september.

Ved fornying av førerkort og andre helseerklæringer, bestill time i god tid !



Bykle samfunnshus

Ordinære opningstider:

Måndag	10.00 - 17.00
Onsdag	14.00 - 19.00
Torsdag	10.00 - 17.00
Tysdag og Fredag	Stengt

Hovden grendehus

Ordinære opningstider:

Mandag til torsdag	08.00 - 22.00
Fredag	08.00 - 16.00

Kulturhus og bibliotek har stengt i påska

Hovden grendehus og bibliotek held stengt:
frå laurdag 27.mars til måndag 5.april.

Bykle samfunnshus og bibliotek held stengt:
frå fredag 26.mars til måndag 5.april.

Kulturkafe og Lørdagsope grendehus.

Grunna koronapandemien og restriksjoner ved arrangement er kulturkaféen i Bykle og Lørdagsope grendehus på Hovden avlyst våren 2021.

Kontaktinformasjon til kulturhus og bibliotek:

Hovden grendehus: 902 16 856
Epost: Hovden.grendehus@bykle.kommune.no
Bykle samfunnshus: 476 85 262
Epost: Bykle.samfunnshus@bykle.kommune.no

Kulturskulen

Frist for å søkje med oppstart haust 2021 er 15. mai.

Dersom du ikkje rekk fristen kan du likevel søkje, du blir da satt på venteliste til det vert ledig plass.

Kulturskulen har mange gode tilbod frå 1.trinn-19 år. Ynskjer du å melde deg på gjer du dette på kommunens heimeside under Kulturskulen. Her finn du elektronisk søknadsskjema.

Elevar er automatisk påmeldte til neste semester så lenge vi ikkje får skriftleg utmelding innan 1. juni.

Tilbod i kulturskulen:

Band: Spelar du eit instrument eller syng, og ynskjer å vere i band, melder du di interesse til kulturskulen. Bykle kulturskule har tilbod om undervisning, og bandlokale i kjellaren på Hovden grendehus og bandbinge i Bykle, som også kan nyttast til eiga øving.

Korps: Frå 4. trinn. Nye medlemmer blir tatt opp kvar haust. Bykle musikkorps eig instrument og uniformer. Bykle kulturskule held dirigent. Medlemmene øver i bygda dei bur. Vi anbefaler sterkt at alle nye medlemmer går igjennom minimum 2 år med individuell opplæring ved sida av korpsmedlemskap. Dette er nødvendig for å få basiskunnskap. Desse timane erstattar ikkje behovet for eiga øving.

Individuell undervisning: Slagverk, gitar, ukulele, bass, piano, song, tverrfloyte.

Tilrettelagt undervisning: Individuell tilrettelagt undervisning for barn og unge med ulike behov. Ta kontakt for informasjon.

Barnekor: Soknerådet har to kor: Fjellgardane barnekor for dei som bur på Hovden og Bykle barnekor for dei som bur i Bykle. Dei to kora opptrer mykje saman i løpet av året både i kyrkja og i regi av kulturskulen. Dei får vere med på kosekveldar og tur saman også. Kora blir drive av Soknerådet, men har dirigent frå kulturskulen. Pga. av kohort er koret nå for 1.-4. trinn. Dersom fleire frå 5.-7. vil synge i kor, kan ein også få til eit kor til.

Bykle Songlag: Eit tilbod til vaksne for å oppleve songglede og utvikle songferdigheit i godt lag. Koret deltar aktivt i kulturlivet. Kontakt: Pavlina Sikjova tlf. 95 15 49 89

Kontaktinfo kulturskulen

Knut Finsaas

E: knut.finsaas@bykle.kommune.no M: 905 39 466

Therese D. Gabrielsen

E: therese.gabrielsen@bykle.kommune.no M: 952 70 303

Pavlina Sikjova

E: pavlina.sikjova@bykle.kommune.no M: 951 54 989

Rektor/leiar, Helga Jacobsen

E: helga.jacobsen@bykle.kommune.no M: 45273218



Lokale Kursholdere

**8. - 10.
trinn**

- Kreativ skriving

**5. - 7.
trinn**

- Lyd og lys

**3. - 4.
trinn**

- Artist prepp,
scene og stemme

- Drama

UKM festivalen

- Male, snekre
effekter til

Boksirkel

**Med forbehold
om endringer.**

Vi møtast mandag 22. mars kl. 19 på biblioteket på Hovden grendehus.

Månadens bok er «Når ein først skal skyte nokon» av Arnfinn Kolerud. Biblioteket kan skaffe bøkene til alle som vil vere med.

Ifølgje smittevernreglar i skrivande stund er maks antal 10 personar. Påmelding derfor til kontaktperson:

Kaja Tho, tel. 926 49 942 / kaja.tho@bykle.kommune.no

Velkommen

Sjølvorganisert aktivitet

Du kan som lokal innbyggjar nytte lokala til sjølvorganisert aktivitet i tråd med gjeldane råd om smittevern. For bestilling av lokalar, ta kontakt med resepsjonen.

Det finnes mange ulike retningslinjer ved covid-19 ein skal merke seg, og det er lett å bli forvirra.

Har du spørsmål som gjeld Covid-19 restriksjonar ved arrangement, bruk av huset, er det bare til å ta kontakt så hjelper vi deg.